



Regionrådet Nordhordland IKS
Postboks 13
5902 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/458 - 15/4824

Saksbehandlar:
Kristin Nåmdal
kristin.namdal@meland.kommune.no

Dato:
09.03.2015

Søknad om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt 2015

Meland kommune søker med dette om skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt til by og tettstadutvikling.

Innleiring

Meland er ein populær kommunane å busetje seg i. Meland er ein av dei mest veksande kommunane i Noreg og vi er såleis inne i ei endringstid som grip inn i alle område; folkehelse, identitet, trivsel, bummiljø og arbeidsliv.

Det er kort avstand til omkringliggende kommunar, med dei tilbod og tilgang til arbeidsplassar dette medfører. Meland er ein av dei nærmaste kommunane til Bergen som framleis har store naturkvalitetar, attraktive solrike utsiktstomter og landleg preg. Dette er lokale kvalitetar som har verdi også i regional samanheng, og er med på å forklare kvifor Meland er ein attraktiv kommune å flytte til eller etablere seg i.

Gjennom arealdisponeringa ønsker kommunen å ta vare på desse verdiane. Naturmangfald, dyrkjingsjord, rent vatn, naturområde for rekreasjon, viktige kulturminne og kulturmiljø er verdiar som skal overførast til komande generasjoner.

Samtidig er det klart at Meland som ein vekstcommune nær Bergen må legge vekt på arealdisponeringar som stimulerer til folkevekst og næringsutvikling. Dette må vere bygd på klimavenlege og energinøytrale løysingar, utan vekst i biltrafikken.

Kommunen ønsker å ha ei medviten satsing på folkehelse. Folkehelsearbeidet omfattar alle områder folk bur, arbeider og lever liva sine. For å oppnå generell god folkehelse må ein arbeide for å skape gode oppvekst- og levekår. Eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar, fellesskap, likeverd, sjølvstende, tryggleik, berekraft og deltaking. I arealdisponeringa betyr dette mellom anna å legge vekt på grønstruktur, nære friluftsområde og trygge skulevegar.

Utvikling av aksjen Frekhaug- Flatøy- Knarvik

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Bergensregionen har stadig større felles bu- og arbeidsmarknad. Arbeidsplass- og bustadveksten vil primært komme i tettstads-/byutviklingsområde. Aksen Frekhaug – Flatøy – Knarvik er eit slikt utviklingsområde i Nordhordland. Søknaden om skjønsmidlar handlar om utvikling i denne aksnen.



Illustrasjon over aksen Frekhaug –Flatøy- Knarvik

Statlege og regionale føringer

Målet med utviklingsarbeidet på Flatøy er å skape ein urban tettstad i tråd med Regjeringas by- og miljøpolitikk.

Det handlar m.a. om å oppfylle Nasjonal strategi for eit aktivt friluftsliv i kvardagen, nasjonale føringer for samordna areal- og transportplanlegging, styrke kollektivtransporten og styrke premissane for ei konsentrert byutvikling.

Veksten i persontransport skal løysast kollektivt, eller med sykkel og gange.

Alle skal bu trygt og godt. Lokalsamfunnsutvikling skal ta omsyn til at ulike grupper i folket har ulike behov knytt til bu- og nærmiljøet (ut frå alder, livsfaser, etnisk bakgrunn og fysisk funksjon). På regionalt nivå pågår det ein del planprosessar som står opp om nasjonale mål; Regional areal- og transportplan, Regional plan for attraktive senter og Kollektivstrategi.

Eitt av hovudgrepene er å satse på ei fleirkjerna utvikling i Bergensregionen, også omtala som satsing på desentralisert konsentrasjon med utgangspunkt i dei viktigaste regionsentra rundt Bergen. Flatøy ligg med 10 min gange frå regionsenteret Knarvik. Utviklinga på Flatøy vil vere ein del av utviklinga av regionsenteret og er etter vårt syn heilt i tråd med regionale og nasjonale føringer.



Illustasjon over transportavstander i aksen Frekhaug-Flatøy- Knarvik


Søknad

Meland kommune søker Fylkesmannen i Hordaland med dette om Skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt i kommunane - 2015 midlar frå prioriteringsområdet «by- og tettstadsutvikling», knytt til utvikling av Flatøy.

Meland kommune er i gang med å revidere planprogrammet for Midtmarka / Rotemyra på Flatøy, for utarbeiding av områderegulering. Planprogrammet skal handsamast av formannskapet i møte 11.03.2015 og skal så ut på høyring.

Flatøy er inngangsporten til Nordhordland og ein del av byregionen Bergen. Med si strategiske plassering langs E39 mellom dei to kommunenesentra Frekhaug i Meland og Knarvik i Lindås kommune, ligg området geografisk vel til rette for ei utvikling med omfattande bustadbygging og næringsutvikling.

Utviklinga av dette området er ikkje minst viktig i høve til dei regionale planane for kollektivstrategi, lokal senterstruktur og kommunal areal- og transportplanlegging; desse planane legg premissane for vidare vekst nord for Bergen. Flatøy / Knarvik er «porten» til Nordhordland, og vi meiner det er av den aller største betydning at vi tar eit godt grep om dette utviklingsarbeidet. Midtmarka er i så måte unik, som det einaste, større urørte utbyggingsområdet knyttet såpass nært til regionsenteret.



Kartillustrasjon over planområdet




Illustrasjon over planområdet

Meland ønskjer å ha tett kontakt med Lindås kommune om denne utviklinga, som etter vår oppfatning omfattar samordna nærings-, service-, transport- og bustadutvikling i området Knarvik – Flatøy. Kommunane i regionen samarbeider allereie om ein interkommunal næringsplan. Meland søker også om å få ta del i det statlege Byregionprogrammet når det går inn i fase 2, i lag med dei andre vekstkommunane rundt Bergen.

Mål for planarbeidet på Flatøy

- Utvikle eit samfunn med gangavstandar til dei daglege behov.
- Leggje til rette for næringsareal i planområdet og slik at flest mogleg kan bu og arbeide på same stad.
- Leggje til rette for at delar av strandsona kan nyttast til sjøtilknytta nærings- og aktivitetstilbod
- Leggje til rette for å utvikla Midtmarka til eit klima- og energieffektivt bustad- og næringsområde
- Utvikle betre tilgjenge for friluftslivet på Flatøy og Håøya
- Utbetre det lokale vegsystemet på Flatøy, leggje betre til rette for fotgjengarar og syklistar og kople det til E39 og eit overordna gang- og sykkelvegnett.
- Utvikle eit område med miljøvennlege løysingar for transport, energi og avfallshandsaming.
- Leggje til rette for eit nærsenter med eit avgrensa handelstilbod, private og offentlege tenestetilbod.
- Styrka og vidareutvikla regionsenteret Knarvik, og leggja til rette for ei utvikling av aksjen Frekhaug – Flatøy – Knarvik.



Illustrasjon over plangrense

Kommunen søker skjønsmidlar til fornyings- og innovasjonsprosjekt til to prosjekt:

1. Å skape ein attraktiv stad: utviklingsscenario/medverknadsprosesser

Det å skape ein ny urban tettstad er utfordrande på mange plan. Kommunen ønskjer å engasjere ulike fagmiljø og spisskompetanse til å vere med og løfte blikket og drøfte visjonar og scenario. Her er mange utfordringar knytt til korleis skape eit klimavenleg og energieffektivt utbyggingsområde i praksis, der ein tek vare på det sosiale livet, arbeidslivet, klimavenleg materialbruk, friluftsliv,

kvardagsliv, handel, effektiv transport med nullvekst i personbiltrafikken – for mange tusen personar. Slik engasjement krev samlingar over fleire dagar der utvalde miljø vert invitert inn i arbeidet, med kompensasjon for deltaking og bidrag til planarbeidet i samlingar og underveis i planprosessen.

Vidare er det å skape engasjement og felles forståing frå innbyggjarne i regionen ein sentral del av gode medverknadsprosessar. Lokal medverknad vil kunna styrka kunnskaps- og beslutningsgrunnlaget, forebyggje og redusere konflikter, gje forankring og legitimitet til arbeidet, og vitalisere lokaldemokratiet.

2. Plan for offentlege rom/ mobilitetsplan

Mobiliteten, korleis dei som bur i eit område velge å flytte seg, vert i stor grad styrt av korleis området er planlagt. Dersom ein lukkast i å planlegge nye områder med tett utbygging, sentral eller kollektivtrafikkvenleg lokalisering og ein god funksjonsblanding, viser forskning og empiri at dei som bur der vil reise vesentleg mindre med bil enn kva dei ville gjort med mindre god planlegging. Dette er spørsmål som i stor grad vert handtert på eit overordna nivå, for eksempel i områdereguleringa. Målretta arbeid for å få god tilgang til kollektivtransport, til gang- og sykkelvegnett og til grønstrukturar/ferdselskorridorar er grunnleggjande, viktige føresetnader for å lukkast med å finne fram til ein god utbyggingsstruktur. Måten ein utformer det offentlige rommet på er svært sentralt, då det både kan underbygge og motverke eit berekraftig trafikksystem.

I høve til utviklingsmålet i planprogrammet å «Styrka og vidareutvikla regionsenteret Knarvik, og leggja til rette for ei utvikling av aksen Frekhaug – Flatøy – Knarvik» er utarbeiding av ein samanhengande plan for blågrøne strukturar på Flatøy eit sentralt verkemiddel, medrekna torg og møteplassar av høg kvalitet. Målet er å sikre at planområdet får eit samanhengande gang- og sykkelvegnett som knytter Midtmarka / Rotemyra opp mot regionsenteret Knarvik og kollektivknutepunktet Flatøy. Dette er og ein del av den regionale tenkninga der sentrumssplanen til Knarvik har eit overordna mål om å knyta saman områda i Knarvik med omsyn til gåande og syklande, barn og unge, og i forhold til grønstruktur og siktaksar. Slik vil denne mobilitetsplanen knyte saman Knarvik og Frekhaug med Flatøy med sine kvaliteter, og ikkje minst med det regionale friluftsområde Håøya og opplevelingar knytt til sjø.

Ein mobilitetsplan vil kunne innehalde:

Enkel stadsanalyse

Visjon

Urbane plangrep

Førande, konkrete strategiar og tiltak:


Blågrønn struktur og kvalitet

Torg og møteplasser av høg kvalitet

Tilgang til Håøya som friluftområde

Prinsipp for gang/sykkel system av høg kvalitet

Kvalitetsmål og standard på ulike anlegg



Illustrasjonkart over dagens situasjon med friområdet Håøya.

Finansiering

Utvikling av områdereguleringsplanen krev store ressursar til planlegging, arkitektkonkurransar, prosjektering og investeringar i fysiske tiltak. Kommunen har ikkje plankapasitet som er tilpassa dei regionale planane om at utvikling skal skje nær regionsentra/kollektivknutepunkt, i konsentrert form. Til no har utbygging av bustader og næringsområde skjedd i mindre felt. Dette er eit av dei større regionale utviklingsprosjektet i Nordhordland. Meland kommune kan ikkje løfta desse ressursane aleine.

Dei ulike prosjekta er tenkt finansiert med ulike samarbeidspartar gjennom eit privat / offentleg samarbeid. Kommunen har eigen plankonsulent som vil ha ansvar for prosessen, i lag med kommunen sin samfunnsplanleggjar. Utbyggjar v/innleigd konsulentfirma skal utføre sjølve områdereguleringsplanen. Det er kommunen som eig planen og styrer planprosessen. Dei to prosjekta vi søker skjønsmidlar til er kommunale oppgåver.

Utvikling av ein urban tettstad på Flatøy er eit prosjekt som har regional verdi. Det er såleis særskilt viktig at vi ser utover kommunegrensene ved denne type planlegging. Slik kan vi knytte saman gode løysingar for Flatøy med regionsentert i Knarvik, og skape positive ringverknader for heile Nordhordlandsregionen.

1. Å skape ein attraktiv stad- utviklingsscenario/medverknadsprosessar

Øvre grenser for ei slik satsing på kompetanseløft fins vel ikkje. Kommunen vurderer likevel at innan ein samla planperiode på 18 månader, bør eksterne fagmiljø vere med på minimum to samlingar (à to dagar) med visjons-/scenariotenkning, og ta del i inntil 4 fol kemøter/plansmøter med lokale fagmiljø og interesser. Utgifter til reise og opphold kjem i tillegg. Kommunen ser for seg at dette kan gjennomførast med støtte på kr. 700 000,- i tillegg til bruk av kommunal plankompetanse i prosjektet.

2. Plan for offentlege rom/ mobilitetsplan

Meland kommune søker om kr. 300 000,- for utarbeiding av mobilitetsplan.

Oppsummert

Kostnader	
Prosjektkoordinering og administrering	100 000,-
Møte /reiser	100 000,-
Plansmie/medverknad, bruk av ekstern fagkompetanse i verkstader	600 000,-
Konsulenthonorar	700 000,-
Scenarioutvikling (paralelloppdrag/konkurranse/verkstad)	400 000,-
Publisering/trykking/modell	100 000,-
Sum	2 000 000,-
Inntekter	
Fylkesmannens skjønsmidlar	1 000 000,-
Privat- offentleg samarbeid knytt til områdeplan	1 000 000,-
Sum	2 000 000,-

Med helsing

Ingvild Hjelmtveit
rådmann

Kristin Nåmdal
samfunnsplanleggjar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Regionrådet Nordhordland IKS

Postboks 13

5902

ISDALSTØ